



Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind Tolleshaug	FE - 024, FA - F90	18/192

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
037/18	Kommunestyret	PS	19.06.2018

Rapport om NAV Austrheim og Nav Fedje. Etablering av felles NAV-kontor.

Vedlegg:

Rapport om NAV Austrheim og NAV Fedje (44959)

NAV i endring, versjon 301 (44960)

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Rådmennene i Austrheim og Fedje har samn med tenesteområdeleiar i Nav Nordhordland, sett i gang eit prosjekt med sikte på å sjå på alternativ organisering av felles Nav Austrheim og Fedje.

Parallelt med dette har kommunestyra i Masfjorden og Gulen sett i gang eit arbeid for å vurdere felles Nav-kontor for dei to kommunane. I tillegg har Modalen alt eit samarbeid med Nav-kontoret for Masfjorden. I mai gjorde kommunestyra i Gulen og Masfjorden begge vedtak om å skipa eit felles Nav-kontor for dei to kommunane med Msfjorden som vertskommune.

Gruppa fekk fylgjande mandat:

Mandat til prosjektgruppa:

1. Greie ut ei organisering av NAV Austrheim og NAV Fedje. Sjå på moglege fellesløyser for desse kommunane.
2. Sjå på ei løysing for framtidig organisering i samanheng med modellen som vert greidd ut for NAV Gulen og NAV Masfjorden/Modalen.
3. Avklare leiarmodellen for det framtidige NAV kontoret, eventuelt saman med Gulen og Masfjorden.

Prosjektet skal greie ut fylgjande:

- Behov for statleg innhald og servicetilbod i eit framtidig NAV for desse kommunane
- Behov for kommunalt innhald og servicetilbod i eit framtidig NAV for kommunane.
- Gjennomgang av samarbeidspartnarar: Internt i dei to kommunane, i perlekjedekommunane, i TO Nordhordland, andre samarbeidspartnarar i NAV, kommunale aktørar i kommunane og i tillegg andre eksterne samarbeidspartnarar.
- Sjå spesielt på teneste inn mot spesialist helsetenesta og vidaregåande skule.
- Korleis det praktiske ansvaret inn mot arbeidsmarkanden i tenesteområdet til kontoret.



Fedje kommune

- Kartelegge kompetanse blant dei tilsette, setje opp eventuelt behov for kompetanseauke.
- Kome med forslag til organisering av NAV Austrheim og NAV Fedje. Dette må også sjåast i samanheng med dei modellane Gulen og Masfjorden kjem fram til. Det må også kartleggjast korleis dette kan innpassast i organiseringa inn i Tenesteområdet Nordhordland.
- Korleis skal ein ta ansvar inn mot arbeidsmarknaden i området?
- Kartelegge eventuelle økonomiske utfordringar
- IKT-løysingar spesielt med fokus på felles tilgang for alle på både kommunale og statlege program.

Det er utarbeidd ein rapport frå prosjektet som med dette vert lagt fram for kommunestyret. På same måte har arbeidsgruppa for Gulen og Masfjorden utarbeidd ein felles rapport for sitt arbeid. Arbeidsgruppa for Austrheim og Fedje har heile tida hatt med i vurderinga spørsmålet om eit felles Nav-kontor for alle fem kommunane.

Bakgrunnen for arbeidet ved å vurdere moglege fordelar og ulemper med å slå saman NAV kontora, er dei endringar som skjer sentralt i høve NAV. Arbeidsdirektoratet gav i 2015 ut Stortingsmelding 33 ; «NAV i en ny tid -for arbeid og aktivitet», der bla. minstekontorgarantien vart vedteken avvikla. Dette har stor innverknad på dei små kontora i landet, og kan til dømes føre til at det ikkje blir tilsett nye i statlege stillingar, ved naturleg avgang i Austrheim og Fedje. Det ligg også føringar på omorganisering og modernisering av NAV, blant anna innan digitalisering. Dette gjeld både statleg og kommunal Nav. I tillegg skal det gjennomførast ei regionreform, der NAV Hordland og NAV Sogn og Fjordane skal slå seg saman til region Vest frå 01.01.2020.

Då leiar for Austrheim Nav, som var statleg tilsett, vart pensjonist, vart dei statlege stillingane trekt ut. Eine stillinga vart overført til Masfjorden Nav. Ho er i Nav Austrheim to dagar i veka. Den andre stillinga vart overført til Knarvik. Ho er og tilstades i Austrheim-kontoret dei to dagane kontoret har opningsdagar. Den tilsette på Fedje-kontoret, vart overført til Radøy. Han er tilstades på Fedje opningsdagane ved kontoret der.

Fakta

I prosjektet har arbeidsgruppa henta inn innspel på fordelar og ulemper, frå dei tilsette og samarbeidspartar gjennom ei oppnemnd referansegruppe,. Arbeidsgruppa har og lese rapportar frå andre NAV-kontor som har ulike former for vertskommunemodellar. I tillegg har arbeidsgruppa sett på ulike statlege føringar og rapportar som omhandlar utvikling av NAV-tenestene.

Det er gitt klare signal frå politisk hald og departement på at det ikkje er økonomisk forsvarleg å drive NAV-tenestene vidare slik som i dag. Det er nye digitale løysingar for brukarane av NAV, men også for dei tilsette. Dette gjer at det er lite «drop in» på kontora, dei fleste kontaktpunkt mellom brukarar og tilsette er etter avtale. Dei tilsette har laptop, og kan møte brukarar på nett, besøk på arbeidsplassar m.m., med kontorplassen i veska. Digitalisering av tenester vil endre alle tenestene framover, og NAV skal følgje utviklinga og endre seg i tråd med samfunnet elles. Det er og sett i gang eit prosjekt for å digitalisere den kommunale delen av Nav, slik at dette vil gjelde begge partane i partnerskapet.



Fedje kommune

Sjølve rapporten har ikkje vore sendt ut på høyring, men i arbeidet har fylgjande vore oppnemnd i referansegruppa:

- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Austrheim v/leiar
- HTV apparatet i TO Nordhordland
- HTV Fagforbundet i Austrheim
- Hovudverneombod i Fedje kommune
- Nordhordland Næringshage v/dagleg leiar
- Representant frå dei kommunalt tilsette i Austheim
- Kommuneoverlege i Austrheim

Vurdering:

På bakgrunn av den utarbeidde rapporten har rådmannen utarbeidd ei politisk sak til kommunestyret. Før ein kan sikre gode prosessar for samanslåing og verksemdsoverdraging, må det ligge eit vedtak til grunn for at ein skal slå saman alle NAV kontora i «perlekjedekommunane.» Styringsgruppa ber kommunestyra primært søkje eit slikt samarbeid. Dersom dette ikkje vert mogleg, ber styringsgruppa om at ein etablerer eit felles Nav-kontor for Austrheim og Fedje. Den viktigaste skilnaden mellom desse to ordningane er at tenestemrådeleiar seier at det kan bli tildelt statlege arbeidsplassar i eit stort felles kontor, ikkje i eit kontor som berre består av Austrheim og Fedje.

I rapporten er det gjort greie for både positive og negative faktorar med ei samanslåing av NAV Austrheim og NAV Fedje. Arbeidsgruppa har og lagt fram forslaget om å slå saman Nav-kontora for alle «perlekjedekommunane.» Det som er tydleg i tilbakemeldingane er veldig mange positive fordelar med å slå saman NAV-kontora i Austrheim og Fedje. Ein av grunnane til dette er at begge kontora er små og sårbare ved fråvær, men og når det gjeld å rekruttere kompetanse og skape fagmiljø. Det som kan bli bøygen for dette kontoret, er at dei statlege arbeidsplassane truleg ikkje vil bli lagt inn i eit så lite kontor. Dei statlege tenestene kan i eit slikt kontor bli løyst på same måten som det i dag er gjort i Austrheim. Eit felles kontor kan såleis bli på om lag 3 kommunale arbeidsplassar og der dei statlege arbeidstakarane kjem innom kontoret på opningsdagane.

Når det gjeld spørsmålet om eit felles Nav-kontor for alle fem kommunane, vurderer rapporten dette til å kunne bli eit kontor med både statlege og kommunale arbeidsplassar. I arbeidet inn mot dei tilsette, er spørsmålet om kvar kontorarbeidsplassen vil bli, avgjerande for deira vurdering. For dei som bur på denne sida av Fensfjorden, var ynskjet om at det vart lokalisert i Austrheim. For dei som bur i Gulen eller Masfjorden, var ynskjet om kontorstad i ein av desse kommunane. I det vidare arbeidet inn mot eit slikt felles kontor, må vurderinga av oppmøteplassen bli sentral. Det må vurderast om det skal vere ein felles oppmøteplass eller om det kan vere to, ein på kvar side av Fensfjorden der det eine er definert som hovudkontor.

I framlegget frå styringsgruppa er det føreslått å gå inn i det felles vurderingsarbeidet



Fedje kommune

med eit vedtak om at Masfjorden skal bli vertskommune for eit felles NAV-kontor. Rådmannen vurderer det slik at dette spørsmålet bør bli opp til det felles utgreiingsarbeidet å kome med forslag om. Det punktet vert derfor trekt ut av styringsgruppa sitt forslag til vedtak.

NAV-kontora har i dag ulike oppgåver lagt til kontora. Det vil gå fram av rapporten. I eit felles NAV-kontor er det mest hensiktsmessig for brukarar og tilsette å ha like tenester. Det er difor føreslått at eit felles NAV-kontor bør ha minimumstenestene lagt til kontoret, der ein har fokus på nærteneister som er viktig for brukarar og samarbeidspartar i region Austrheim og Fedje.

For Austrheim vil dette føre til at flyktningetenesta ikkje vil inngå i eit nytt Nav-kontor, men bli ei eining i rådmannen sin stab. I tillegg vil Austrheim ikkje føre over arbeidet med Husbanken sine ordningar frå Servicekontoret slik intensjonen var.

Forslag til vedtak:

- A. Fedje kommunestyre ynskjer primært organisering i eit stort felles NAV-kontor for alle fem kommunane: Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen. Dersom det ikkje lukkast å få til eit slikt samarbeid, tilrår kommunestyret at det vert arbeidd fram ei samanslåing av Nav-kontora for Austrheim og Fedje. Begge modellane vert inngått som vertskommunemodell etter kommunelova § 28.
 1. Det vert søkt dialog med Masfjorden kommune for samarbeid med NAV kontoret Gulen/Masfjorden. Målet må vere å vurdere eit felles NAV-kontor ved Fensfjordbassenget. Det vil bli eit avdelingskontor i tenesteområdet Nav Nordhordland.
 2. Organisering av eit nytt felles NAV-kontor for Fensfjordbassenget vil følgje av ny partnerskapsavtale.
 3. Eit felles NAV-kontor bør bli etablert frå 01.01.2019.
 4. Eit felles NAV-kontor skal ha ein desentralisert modell, der alle kommunane stiller møterom til disposisjon. Det må og arbeidast med å legge til rette digitaliserte løysingar som kan brukast til møte frå NAV og kommunane. Utgreiingsarbeidet bør og vurdere i kor stor grad dety kan vere mogleg med



Fedje kommune

desentraliserte oppmøteplassar på begge sider av Fensfjorden, men med eit hovudkontor.

5. Dei kommunale tenesten som skal inngå i eit nytt felles NAV-kontor for Fensfjordbassenget, tilsvarer minimumstenester som følgjer av NAV-lova § 13 og lov om sosiale tenester i NAV, og omfattar:

Minimumsløysing i NAV

- Opplysning, råd og veiledning, herunder økonomisk rådgiving (STL § 17)
- Økonomisk stønad til livsopphald (STL § 18, § 19)
- Midlertidig butilbod (STL § 27)
- Individuell plan (STL § 28)
- Kvalifiseringsprogrammet (STL § 29)
- Aktivitetsplikt (STL § 20)
- Gjeldsrådgjeving (STL § 17)

B)

Dersom det ikkje lukkast å få til eit felles Nav-kontor for alle «perlekjedekommunane,» tilrår kommunestyret at det vert oppretta eit felles Nav-kontor for Austrheim og Fedje. Det vert inngått vertskommuneavtale etter kommunelova § 28 mellom desse to kommunane med Austrheim som vertskommune.

1. Organisering av personale må organiserast mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar
2. Det må tilsettast felles leiar for dette kontoret, evt. at 1 av dei tilsette vert leiar.
3. Statleg del av NAV Austrheim er per i dag trekt ut av kontoret fysisk, men yter tenester som før etter avtaler. Dersom felleskontor, må ein gå inn i forhandlingar om ny partnerskapsavtale mellom vertskommune og NAV.

Formannskapet - 055/18

F - behandling:

F - vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:



Fedje kommune

Fedje kommunestyre ynskjer primært organisering i eit stort felles Nav-kontor for alle fem kommunane, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen. Dersom det ikkje lukkast å få til eit slikt samarbeid, tilrår kommunestyret at det vert arbeidd fram ei samanslåing av Nav-kontora for Austrheim og Fedje. Begge modellane vert inngått som vertskommunemodell etter kommunelova § 28.

Det vert søkt dialog med Masfjorden kommune for samarbeid med NAV kontoret Gulen/Masfjorden. Målet må vere å vurdere eit felles NAV-kontor ved Fensfjordbassenget. Det vil bli eit avdelingskontor i tenesteområdet Nav Nordhordland.

Organisering av eit nytt felles NAV-kontor for Fensfjordbassenget vil følgje av ny partnerskapsavtale.

Eit felles NAV-kontor bør bli etablert frå 01.01.2019

Eit felles NAV-kontor skal ha ein desentralisert modell, der alle kommunane stiller møterom til disposisjon. Det må og arbeidast med å legge til rette digitaliserte løysningar som kan brukast til møte frå NAV og kommunane. Utgreiingsarbeidet bør og vurdere i kor stor grad det kan vere mogleg med desentraliserte oppmøteplassar på begge sider av Fensfjorden, men med eit hovudkontor.

Dei kommunale tenestene som skal inngå i eit nytt felles NAV-kontor for Fensfjordbassenget, tilsvarer minimumstenester som følgjer av NAV-lova § 13 og lov om sosiale tenester i NAV, og omfattar:

Minimumsløysing i NAV

Opplysning, råd og veiledning, herunder økonomisk rådgiving (STL § 17)

Økonomisk stønad til livsopphald (STL § 18, § 19)

Midlertidig butilbod (STL § 27)

Individuell plan (STL § 28)

Kvalifiseringsprogrammet (STL § 29)

Aktivitetsplikt (STL §20)

Gjeldsrådgjeving (STL § 17)

B)

Dersom det ikkje lukkast å få til eit felles Nav-kontor for alle «perlekjedekommunane,» tilrår kommunestyret at det vert oppretta eit felles Nav-kontor for Austrheim og Fedje.

Det vert inngått vertskommuneavtale etter kommunelova § 28 mellom desse to kommunane med Austrheim som vertskommune.

Organisering av personale må organiserast mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar

Det må tilsettast felles leiar for dette kontoret, evt at 1 av dei tilsette vert leiar.

Statleg del av NAV Austrheim er pr i dag trekt ut av kontoret fysisk, men yter tenester som før etter avtaler. Dersom felleskontor , må ein gå inn i forhandlingar om ny partnerskapsavtale mellom vertskommunen og NAV.



Fedje kommune

Samrøystes.

Kommunestyret - 037/18

K - behandling:

Erling Walderhaug (H) fremjar forslag om at ein ber administrasjonen vurderer om Fedje kommune skal oppretta ein stilling som sosialsjef i høveleg storleik til å ta seg av dei kommunale oppgåvene i NAV.

Fedje Frp og dei uavhengige fremjar forslag om eit tillegg til formannskapet si tilråding. I begge alternativa må det stillast krav om at NAV etter etablering av felleskontor, skal ha ein kontordag/ekspedisjon kvar veke på Fedje for handsaming av publikum i kommunen.

K - vedtak:

Formannskapet sitt forslag vart satt opp mot Erling Walderhaug (H) sitt framlegg.

Formannskapet sitt framlegg vart vedteke mot røystane til Fedje høgre.

Det vert røysta over tillegget frå Frp og dei uavhengige. Samrøystes vedteke.